

ETISK STANDARD

Kjære medarbeidar

Tryggheim skular sin etiske standard skal bidra til bevisstgjerung av medarbeidarar og andre som utfører arbeid for Tryggheim skular.

Handlingane og haldningane våre påverkar tilliten til Tryggheim skular, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi opptrer.

Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål er nødvendig for å utvikle eit godt og fagleg skjønn. Vi legg verdiane openheit, respekt og tryggleik til grunn for arbeidet vårt.

□ PROFESJONALITET

Vi opptreer ærleg og viser respekt for alle menneske.

Vi bruker fagkunnskap og skjønn i arbeidet vårt og behandlar alle likeverdige.

Vi sørger for at fortrulege opplysningar ikkje kjem på avveggar, og misbruker ikkje tilgang til informasjon.

Vi er lojale i oppfølginga av vedtak fatta av skulestyret og administrative avgjerder.

Vi følger norsk lov, interne reglar og god forvaltningsskikk.

Vi er bevisste på at handlingane og haldningane våre påverkar Tryggheim skular sitt omdømme.

□ OPENHEIT OG DIALOG

Vi lyttar til innspela til tilsette gjennom dialog, brukarmedverknad, evalueringar og høyringar.

Vi sikrar offentlegheita sitt/sine krav på innsyn.

Vi opptreer profesjonelt i kontakt med media.

Vi opptreer ikkje som representantar for Tryggheim skular når vi deltar i samfunnsdebatten som privatpersonar.

□ INTERESSEKONFLIKTAR

Vi informerer om private forhold og interesser som kan påverke vedtak eller utføring av oppgåver for Tryggheim skular.

Vi sørger for at eigen habilitet blir vurdert, før vi behandlar saker eller fattar vedtak.

□ GÅVER OG REPRESENTASJON

Vi mottar ikkje personlege fordelar i arbeidet vårt, men gåver av ubetydeleg verdi kan vi ta imot dersom det er avklart med leiar.

Representasjon for skulen på ulike arrangement vert avklart med leiar.

□ PENGAR OG EIGEDELAR

Vi arbeider for det beste for fellesskapet og sørger for at dei økonomiske verdiane til Tryggheim skular blir forvalta på ein forsvarleg måte.

□ INNKJØP

Vi følger internt regelverk om innkjøp og opptreer profesjonelt i rolla som bindeledd mellom leverandørar og Tryggheim skular.

Vi kjøper varer og tenester via Tryggheim skular sine rammeavtaler og kontraktar.

Vi kjøper ikkje varer eller tenester frå tilsette på Tryggheim skular, tidlegare tilsette med karantene, venner eller slektningar. Unntak kan skje i samråd med dagleg leiar.

Vi får ikkje særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå Tryggheim skular sine leverandørar. Unntatt herifrå er rabattar som gjeld alle tilsette.

Vi tar omsyn til miljøet og bidrar til reduksjon av energibruk og klimautslepp.

□ ARBEIDSMILJØ

Vi tar ansvar for å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

Vi skaper helsefremjande arbeidsplassar ved å bidra til arbeidsglede og jobbengasjement.

Vi tar aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering.

□ VARSLING

Vi har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold.

Vi har mot til å varsle. Leiinga skal ivareta den som varslar, og ta ansvar for at kritikkverdige forhold blir retta opp. Den som varslar, skal ikkje utsetjast for gjengjelding.